

HELG OG HEIM

KYRKJELYDSBLAD FOR FØRDE, NAUSTDAL, HOLSEN OG HAUKEDALEN SOKN

NR. 2 MAI 2026 84. ÅRGANG





DEN NORSKE KYRKJA
Sunnfjord kyrkjelege fellesråd

FØRDE KYRKJEKONTOR

Kyrkjevegen 23F, 6809 Førde
Tlf.: 57 82 81 80
www.kyrkja.no/sunnfjord
post.sunnfjord@kyrkja.no

OPNINGSTID:

Måndag – fredag kl. 09 – 14.30
Prost: Knut Magne Nesse
Sokneprest: Ingvald Andersen Frøyen
Prest: Carsten Langeland
Diakon: Anita Øvreås Rusken
Driftsleiar: Ingvar Vagstad
Kyrkjeseekretær: Joy Taylor og Toril Øye
Økonomileiar: Trond Herløund
Kantor: Gro Gunnarson
Kateket: Heidi V. Styve
Kyrkjeverje: Sissel Vartdal
Kyrkjelydspedagog: Ute Lindner og
Gry Sætre
Prosjektleiar: Johanne Thingnes Leira

NAUSTDAL KYRKJEKONTOR

Bervellene 34,
Postadr.: Pb 90, 6806 6817 Naustdal
Tlf.: 57 82 81 80
post.sunnfjord@kyrkja.no

OPNINGSTID:

Onsdagar kl 9-15.
Ta kontakt for anna avtaletidspunkt.
Sokneprest: Rigmor Frøyen
Kyrkjegardsarbeidar: Stig Ove Halbrend
Kyrkjeseekretær: Sigrun Solheim Savland
Kantor: Erlend Os
Kyrkjelydspedagog: Silje Sørebo

FØRDE KYRKJE

Kyrkjegardsarbeidar: Terje Sæle

HOLSEN KYRKJE

Kyrkjjetenar: vikar
Reinhald: Jorunn Holsen

HAUKEDALEN KYRKJE

Kyrkjjetenar: Bodil Øvsthus Frøysland

NAUSTDAL KYRKJE

Klokkar/kyrkjetenar: Sigrun S. Savland

VEVRING KYRKJE

Klokkar/kyrkjetenar:
Mette-Elin Standal Sæther

FØRDE KYRKJETUN

Dagleg leiar: Ann Berit Steiro.



Framsdebilde:

Konfirmantar på veg til Førde kyrkje. Bildet er frå 2025.
Foto: Anita Øvreås Rusken.

Nytt frå redaksjonen

Når bladet går i trykken er vi midt i konfirmasjonstida. På framsida har vi eit bilde av konfirmantar i flagrande kapper, tatt ein maidaag i 2025, og vi har fokus på unge i fleire artiklar i bladet.

Helg og Helg har møtt både unge og eldre, og det som gjentek seg er at ungdommen gjerne vil vere der fleire generasjonar er samla. Tvillingane Frida og Marie stiller opp på ulike arrangement saman med bestemor Orlaug. Sander og Erik Leander er takksame for at foreldre stiller opp og lagar til Polenturar for Naustdalsungdomen, ein tur som set varige spor. Henrik og Peter går gjerne på gudsteneste der det er både ungar og eldre, og ungdomar

set pris på å vere saman med småbarnsfamiliar og ete middag på Førde kyrkjetun.

Johanne Thingnes Leira seier at dei unge som kjem på påfyllsgudstenestene, som er laga til for dei unge, gjerne vil møte folk i alle aldrar der. Alle generasjonar er velkomne – fordi ungdomane sjølve ønskjer det. Ta oppfordringa, og møt opp, det blir ungdomane glade for!

Som tidlegare ligg det ved ein giro i dette nummeret. Takk for at du bidreg til å halde bladet i gang!

God sommar!

HELG OG HEIM

Kyrkjebladet **Helg og Heim** blir distribuert av Posten til alle husstandar i Førde, Naustdal, Holsen og Haukedalen. Bladet følgjer Forbrukartilsynet sine reglar for uadressert post.

Ansvarleg utgjevar av **Helg og Heim** er sokneråda i Førde, Naustdal og Holsen og Haukedalen.

Redaksjon:

Jenny Snildal, Annbjørg E. Hesselberg og Hanne Schnitler

Stoff og bilete kan sendast til:

- hanne.schnitler@eninvest.net
- jenny.snildal@gmail.com
- annbjorg.hesselberg@gmail.com

Grafisk utforming:

Firda Tidend Grafisk, Sandane

Trykk:

ETN Grafisk

Skal du flytte?

Du kan abonnere på Helg og Heim. Kontakt Joy Taylor på Førde kyrkjekontor.

Frivillig bladkontingent

Kr. 350,-

Bankkonto:

3705.15.33896

Merk innbetaling med «Helg og Heim».

VIPPS:

Vippsnr. **591 431**

«Helg og Heim kyrkjelydsblad»



Utgjevingsplan for 2026

Nr. 3. Stoffrist:

Onsdag 12. august
I posten veke 38

Nr. 4. Stoffrist:

Onsdag 21. oktober
I posten veke 48

(Det kan komme endringar.)



TIL ETTERTANKE

Ved JOHANNE THINGNES LEIRA

Nyleg besøkte eg ei venninne i disippelhuset til Ungdom i Oppdrag i Oslo. Der bur omkring tolv unge vaksne saman. Dei bytar på å lage måltid, har faste tidebøner, lovsong og stille-tid, og finn på sosiale aktivitetar i lag. Samtidig lever dei kvar sine liv med jobb eller studium ved sidan av. Disippelhuset har fleire likskapstrekk med moderne kloster.

Det som slo meg mest etter helga, var at dette likna jo ein familie. Det kjentest avslappa, ekte og jordnært – og samtidig himmelvendt.

Fleire gonger i Bibelen blir kristne omtala som søsken og som ein familie. Det seier noko om at det er meininga at vi skal dele meir enn berre gudstenesta saman. Ein familie lever i lag også i kvardagane, dei deler måltid og liv. I Romarbrevet les vi: «*Elsk kvaran-*

dre med inderleg syskenkjerleik; set dei andre høgare enn dykk sjølve!» (Rom 12,10).

Apostelgjerningane skilddrar korleis dei første kristne kom saman for å be og bryte brød, og at dei delte alt dei eigde. Fellesskapet var ikkje berre åndeleg, men også sosialt og praktisk. Trua på Jesus skapte eit nytt fellesskap på tvers av alder og bakgrunn.

Eg snakka ein gong med ein konfirmant som var begeistra

for kyrkja. Ho sa det omtrent slik: «Dei vaksne smilte til meg og tok meg i handa, sjølv om dei ikkje kjenner meg frå før. Vaksne på gata seier jo ikkje hei til deg, liksom».

Denne opplevinga av generasjonsfellesskap er noko fleire ungdomar har trekt fram som positivt. På KRAFT sine påfyllsgudstenester i kyrkja er alle generasjonar velkomne – nettopp fordi ungdomane sjølve ønskjer det.

Dei siste åra har fleire kyrkjesamfunn i Noreg fortalt om unge som kjem til tru. I KRAFT ser vi også dette. I bibelgruppa vår er det fleire som ikkje har vakse opp i ein kristen heim. Å møte vaksne og eldre som er kristne er derfor ikkje noko dei opplever til dagleg.

Kanskje er du som les dette god til å reparere sykklar. Kan-

skje er du flink til å sy, eller glad i å be. Kanskje kunne du invitert til ein samtale om Bibelen, delt eit måltid eller lagt opp ei dongeribukse som vart for lang.

Gud kallar oss til å ha omsorg for heile mennesket – ånd, sjel og kropp. Det betyr at trua ikkje berre høyrer til på søndagar. Ho høyrer til i heile livet og på tvers av generasjonane.

I ei tid der individet og det å «klare seg sjølv» er eit mål for mange vert det radikalt å snakke om Apostelgjerningane der dei delte alt og tente både Gud og kvarandre. Det er noko urealistisk å tenke at alle skal bu i disippelhus eller kloster. Kanskje kan vi likevel strekke oss etter dette utvida familieperspektivet og sjå om ikkje noko nytt får vekse fram?

Endringar i Førde-staben!

Tekst: SISSEL VARTDAL, kyrkjevevjerje

Etter mange år i stillinga som kateket i Førde, blir **Heidi V. Styve** til hausten ungdomsprest med Bjørgvin bispedøme som arbeidsgjevar. Ho blir framleis tilsett her i Sunnfjord, med Førde som tenestestad. Heidi er tilsett i ei såkalla «prest under utdanning-stilling»; som betyr at ho kombinerer jobb med masterstudiet i erfaringsbasert teologi på Menighetsfakultetet i Oslo. Etter endt studie, om ca 3 år, blir ho vigsla til teneste som prest. Kyrkje er svært takksam for alle åra Heidi har stått i tenesta som kateket; med sitt

rolege og venlege vesen, og med ei stødig hand om konfirmantarbeidet. Sjølv om det no blir prest av Heidi, er ho – etter eige utsegn – framleis «kateket i hjartet» og det er ingen ulempe for ein ungdomsprest

Inn i stillinga som kateket kjem **Reidar Fugle Nordhaug**, 29 år. Reidar er førdianar, og vil vere kjent for mange frå tida som ungdomspolitikar. Han har budd i Oslo siste åra, men flyttar heim i sommar. Det er vi glade for! Han går inn i kateketstillinga frå hausten og får hovudansvaret for konfirmantarbeidet. Rundt seg får han gode, erfarne og kompetente

kollegaer, så konfirmantopplegget er i gode hender. Reidar er og student, og vil kombinere jobb med masterstudiet i lektorprogrammet på Universitetet i Oslo.

– Eg ser verkeleg fram til å starte i ny jobb i Sunnfjord. No er det blitt nokre år sidan eg sist jobba i kyrkja, men eg kjenner at det verkeleg vert meningsfylt å kome att for å formidle kristen tru og kristne verdiar til born og unge. Dette meiner eg er særleg viktig i ei tid der mange unge opplev mangel på meining og håp.

Vi ønskjer begge to varmt til lukke med nye oppgåver!

Generasjons-samhald

«Vi har alltid likt å vere med i kyrkja, og når vi vert kjende med fleire og får hjelpe til litt, vert det endå finare å vere der. Vi vil gjerne vere kristne! Trua på ein Gud har alltid vore der, og den vert etter kvart meir bevisst. Når det gjeld forkynninga, hjelper det å vere van med å snakke med vaksne(!)»

Tekst og bilete:

ANNBJØRG EIKSUND HESSELBERG /
TONJE LØDØEN HOVE

Det er tre talføre damer som sit i sofaen. Frida og Marie kjem rett frå skulen, farmor Orlaug Hove har plukka dei opp og funne vegen til avtalt adresse. For dei har ingenting imot å «henge med» vaksne, desse tvilling-jentene på Kleiva – med etternamnet Lødøen Hove.

Storfamilie

Orlaug er frå barndommen av van med å leve tett saman med fleire årgangar. I Stehoggane i Horstadkrinsen var dei fire generasjonar i heimen, fram til Orlaug var ni år. Oldefar

Rognald, besteforeldre, foreldre og seks born levde i same hus og hushald. Ho minnes at oldefar kunne seie frå kvar skapet skulle stå, dersom det vart for mykje støy. Men han var ikkje urimeleg streng - og det er gode minne frå storfamilielivet. Sidan skulle heimen hennar på Kleiva få det same preget, med svigermor Olava saman med dei yngre.

På spørsmål om det fins personar som har betydd mykje i livet hennar er Orlaug sitt svar ei tydeleg bekrefting på den sterke familiekjensla. «Det har skifta gjennom ulike faser. Først var det foreldra, så ektefelle, barn og barnebarn.» Ein god og trygg base for å gå ut i livet og ut i ulike oppgaver!



Marie, Orlaug og Frida

Når Orlaug og jentene fortel om familiebesøk og andre felles møtepunkt, ser vi ein familie med tette band som har mykje glede av å vere saman – i feriar og høgtider – og i det daglege. Langvegsfarande kjem heim, eller dei finn ein møtestad med senger og mat og nyt samværet med kvarandre.

Det er kort veg mellom husa på Kleiva – dei kan nesten gå tørrskodde i all slags ver. Frida og Marie kjenner seg heldige som har farmor så nær, og dei blir gjerne med henne ut i sosiale samanhengar, t.d. i kyrkja. Ja, kvifor ikkje bli med på pensjonistlaget sin julefest på «Heimen» også! Så stiller farmor på si side opp når dei deltek på Ungdommens kulturmønstring. «Farmor, 80 år

er då ingen alder!» seier jentene – som nærmar seg 15.

Skulegang, heim og yrkesliv

Som ung fekk Orlaug reise ut på skule. Ho gjekk på folkehøgskule på Halsnøy i Sunnhordland, og ho gjekk på Landsgymnaset på Voss. Begge stader fekk ho med seg kunnskap - og sterke impulsar til også å dele den. Ho tok latin-artium og vart immatrikulert (innskriven som universitetsstudent). Det var nok ein veg ho kunne hatt lyst til å gå vidare på.

Men i Naustdal venta Magn Hove som ho var ringforlova med, som det heitte i dei dagar. Og i 1968 vart ho både husmor og bonde på Kleiva - ettersom ekteman-



Marie og Frida har ingenting imot å fortelje om både livet no og framtidsplanane.



Utsynet frå Kleiva er stort og fritt. Her trivs tre generasjonar på garden.

nen hadde lange arbeidsdagar i yrket sitt utanfor garden. I onnene jobba dei saman, men husdyrstelet fall på henne. – Det let seg likevel kombinere med eit langt liv i læreryrket (50 år) i Naustdal kommune – ikkje som fast tilsett, sidan den formelle utdanninga ikkje var på plass, men engasjert frå år til år. Etterkvart vil eg tru at all den erfaringa kunne vege rikeleg opp for ein eksamen! Fire born, to jenter og to gutar kom til, og i dag bur dei to sønene med sine familiar på «kvar side», smiler Orlaug.

Eit ansvarsmenneske

Sjøl om ho ikkje seier det sjølv, møter eg eit menneske som har vore seg bevisst at lyset skal «setjast i staken og ikkje under skjeppe». Kunnskap er til for å delast, og det trengs nokon som

tek leiaransvar.

Det har vore naturleg for Orlaug å seie ja til oppgåver og ansvar. Og ja-menneske kan få mange ballar i lufta. Eg trur ikkje ho har hatt noko imot det. I godt og byggande arbeid har ho funne sin plass: Bondekvinnelags-arbeid, lokalt og på fylkesplan, kommunestyre (16 år), foreldreutval, oppstart av grendelag, pensjonistlag, frivillig på Omsorgssenteret – ja, og så medlem av soknerådet på andre perioden. Ho kan føre ordet og leier samvær med eit glimt i auga.

Kva er kyrkja si viktigaste oppgåve i dag, spør eg

Med ferske fakta frå kyrkjelyden si årsmelding kan vi slå fast at frammetet i kyrkja vår har gått opp, seier Orlaug.



Farmor Orlaug - som ikkje brukar mykje tid i godstolen.

Sjøl om ho heile livet kjent seg som ein del av kyrkjelyden, frå ho vart teken med av besta – endå det den gongen slett ikkje var enkelt å komme seg til kyrkje, - med lange avstandar og mindre transport-tilbod. Dei seinare åra har ho fått betre høve til å engasjere seg aktivt. Vi ser at den usikre situasjonen i verda omkring oss vekker eit behov for å finne noko trygt å halde fast i, tru og fellesskap, meiner ho. Samstundes har ho full respekt for at andre kan velje annleis i trus- og livssynsspørsmål.

Her kjem Frida og Marie på banen: Vi har alltid likt å vere med i kyrkja, og når vi vert kjende med fleire og får hjelpe til, vert det endå finare å vere der. Vi vil gjerne vere kristne! Dei utdjuar: Trua på ein Gud har alltid vore der, og den vert

etter kvart meir bevisst. Når det gjeld forkynninga, hjelper det å vere van med å snakke med vaksne(!)

Unge med planer og draumar

I så måte skil dei seg vel ikkje så mykje frå andre ungdommar – men dei er flinke å setje ord på det, Frida og Marie. For Frida er musikken det store, både no og med tanke på framtida. På kulturskulen har ho gått på dans, teater og musikk. Piano og gitar er instrumenta, og ho lagar songar sjølv. Ho trivs på scenen, og nemner nokre forbilde. Kanskje er det genene frå farmor som spelar inn når ho har fått plass i ungdomsrådet i Sunnfjord kommune.

Like som to dropar vatn, men likevel ulike og med kvar sin personlegdom. Marie seier at ho ikkje er like energisk alltid, men med både dans, fotball, volleyball og turvandring på aktivitetslista, høyrer det ikkje ut som noko latmannsliv. Ho trivs med å lytte på musikk, eller kose seg med ein film når ho er heime. Diktskrivinga er visst mest for skrivebordsskuffa. Men at begge jentene har fått utdelt kreative evner, kan det ikkje vere tvil om. På UKM deltok dei saman dette året.

Før dei dreg heim til fredagstacoen, har pianoet i huset fått seg ein liten omgang. Musikk-gleda vart dermed prova. Eg høyrde ikkje Orlaug syngje med – men litt skilnad må det no vere på generasjonane, trass alt.

Blomsterfryd

Elvetorget, Førde
Tlf. 57 82 17 05

blomsterfryd.forde@interflora.no



- møblar
- belysning
- gardiner
- utemøblar
- solskjerming

MARIAS HUS

nordisk design · interiør · møblar

Tlf. 478 39 411

Angedalsv. 4, Førde (Hukseth-huset)

post@marias-hus.no | //mariahus.no

Ung i Kyrkja

Korleis er det å vere ungdom/ung vaksen i kyrkja? Kjenner dei seg heime i dei vanlege gudstenestene, eller vil dei ha sine egne tilbod?

Tekst og foto: HANNE SCHNITLER

På gudsteneste

På ei gudsteneste midt i fastetida, med 6 dåp og nattverd, sit brørne Henrik (20) og Peter Mork (14) på ein benk bak i kyrkja. Kva får dei til å møte opp i Førde kyrkje søndag kl. 11.00? Dei to vil gjerne ta ein prat med Helg og Heim. Henrik har attpåtil bursdag denne dagen, noko prest Carsten Langeland fekk med seg og gratulerte frå preikestolen.

– *Kva tankar har de om å delta på ei vanleg gudsteneste?* Henrik svarar: – Det viktigaste for meg er fellesskapet, og her i Førde kyrkje er vi heldige, det er så mykje folk som møter opp! Då er det flott å feire gudsteneste saman, synge salmar saman, delta i liturgien og gå til nattverd.

– *Ja, kva får du ut av liturgien, desse faste ledda som gjentek seg kvar søndag?*

– At det gjentek seg er fint! Når ein har høyrte desse orda før blir dei liksom ein del av ein sjølv. Det blir som å komme heim, om du skjønner kva eg meiner? Eg kjenner at eg blir trygg og glad av å delta i dei faste tekstene og bønene. Eg kjenner at trua blir ein del av meg.

– *De ville ikkje heller ha deltatt i egne gudstenester for ungdom og unge vaksne?*

– Det er jo kjekt det og, seier Henrik. – Men det er så flott med dåpsborna, søskena i dåpsfølgja som spring rundt, og unge, vaksne og eldre som er saman i same fellesskapet.

Peter, som er konfirmant i år, er einig. – Det er fint at alle generasjonar er samla. Det er god stemning her, også så gode kaker på kyrkjekaffien!

Konfirmantane har sine obligatoriske tal gudstenester dei må delta på. Peter er ferdig med dei, men han har ikkje noko imot å delta på fleire.



Henrik (t.v.) og Peter trivst på gudsteneste saman med folk i alle aldrar.

– *Men Peter, korleis er det å konsentrere seg om preika og alt som blir sagt?*

– I dag er det Carsten som er prest, og han snakkar direkte til oss, så då er det ikkje vanskeleg å følgje med.

Når presten i tillegg til ord, nyttar saksofonen som ein del av preika, er det nok enklare å følgje med, uansett alder.

Middag og bibelsamling

Tidlegare i år fekk Førde kyrkjelyd eit bidrag til satsinga på ungdom og unge vaksne; nok til å tilby gratis middag 5 onsdagar i vårsemesteret. Johanne Thingnes Leira har stått i bresjen for tiltaket,

og fekk med seg ein flokk med frivillige. Var det mogleg å tilby middag til unge på veg til bibelgruppe som kom rett frå skule/studiar, saman med småbarnsforeldre som skulle på Krøllesamling?

– Det gjekk kjemp fint, fortel Johanne. Helg og Heim blei med for å sjå.

På kjøkkenet på Førde kyrkjetun er det aktivitet. Johan Bengtson iført forkle kjem berande med varme fiskepinningar. Fiskepinnetaco står på menyen. Fargerike salatar står klar. Oliver Digernes kjem opp trappa med nysteikte, heime-laga tacolefser. – Eg har nettopp steikt dei!



Malin og Alice forsynar seg med middag.



Elevar frå Sunnfjord Følkehøgskule var forsongarar på påfyllsgudstene i Førde kyrkje. Foto: Jon Olav Leira.

Ungdomar og småbarnsfamiliar stiller seg i køa for å forsyne seg og finn seg plassar rundt borda i biblioteket. – Vi lagar middagen sjølv, og satsar på enkle, rimelege rettar som vi trur alle vil like, seier Johanne. Og maten smakar.

Sju ungdomar forlèt middagsbordet og går ned i fyrste etasje der det skal vere bibelsamling for unge. Ute Lindner skal leie bibelsamlinga, og ho fortel at «Bøn» er temaet for kvelden. Kva er bøn? Kan fortvilning og sinne ha plass i ei bøn? Ute viser til Salmane i Bibelen, dei er det heile 150 av. Mange av dei tar til med naud, redsle og klage, men endar med håp. Ho finn fram Salme 23, kanskje den mest kjende av Salmane: «Herren er min hyrding... Han lét meg liggja i grøne enger, han fører meg til vatn der eg finn kvile. Han gjev meg nytt liv...» Ute ber oss konsentrere oss om teksten. Det bli uvanleg stille. Når samtalen

kjem i gang, er det ikkje om fotball eller musikk, men om bibelteksten. Den har gjort inntrykk på ulike måtar. Teiknesaker ligg framme for dei som vil uttrykke seg på andre måtar enn med ord. Eit par tar utfordringa, dei andre fortset med den gode samtalen. I ei lita gruppe er det trygt å dele tankar.

– Kan ein berre komme å bli med? Johanne seier at dette er ei opa gruppe, så det kan ein, men send gjerne ei melding i forkant.

Påfyllgudstene

Til hausten vil det vere fleire kveldar med KRAFT- Påfyll, som er gudstener på kveldstid i Førde Kyrkje. Nokre av gudstenerne har vore i samarbeid med Sunnfjord Følkehøgskule, andre gongar har KRAFT Gospel vore med og bidrege.

Påfyllsgudstenerne er open for alle aldrar dei gongane det er i kyrkjerom-

met. Johanne understrekar dette, og seier at ungdomane sjølv set stor pris på at vaksne i alle aldrar tek del i desse gudstenerne, sjølv om forma er ungdomeleg.

Prosjekt Kraft

Middag, bibelsamling og Påfyllsgudstene er ein del av satsinga for unge. No er ein i gang med å sjå på kva som kan bli faste tiltak i kyrkjelyden på lang sikt sjølv om prosjektperioden er over i 2027. Johanne seier at det blir middag til hausten. Førde KM stiller sterkt med frivillig innsats, men vi treng fleire. Ta gjerne kontakt om du ynskjer å bidra!

Til sommaren er ungdom og leiarar inviterte til NMSU sin «Followmekonferanse» i Lyngdal, og ho håpar dei blir ei gruppe som kan dra i lag. Då får dei oppleve å vere ein del av eit stort nettverk av unge som vil gjere ein forskjell i kyrkja.

Med buss frå Naustdal til Krak

«Polentur» er eit velkjent omgrep i Naustdal, og noko som skapar forventning hos elevar langt ned i skulealder. Når dei berre blir store nok...

Tekst: JENNY ØDVEN SNILDAL

Naustdal skule har lang tradisjon for å sende elevar på busstur til Polen, Tsjekia og Tyskland. Det heile starta i 1997 og kvart år, utanom dei åra coronaviruset stengte ned Norge, får elevar i 10.klasse tilbod om ein slik tur. Dei første åra var turen med «Hvite Busser», i seinare tid har turane vore i regi av «Aktive Fredsreiser». Turen, som tar 10 dagar, går med buss frå Naustdal, gjennom Sverige og med båt frå Karlskrona til Gdynia i Polen. Turen går så vidare med buss til Krakow, Praha, Berlin og til Kiel der det vert båt til Oslo, og frå Oslo er det buss heim igjen.

Polentur 2025

Helg og Heim har møtt nokre av dei som var med på turen hausten 2025; Else Osmundnes Kvamsås, lærer, Eirik Myklestad Hjørnevik og Evy Kipsgaard, foreldre, og Sander Russenes Hjørnevik og Erik Leander Horstad, elevar.

– *Korleis er det å reise på tur med så mange ungdomar?*

Else, som har vore med som lærar på i alt tre turar, seier at det går utruleg fint. Elevane oppfører seg eksemplarisk, og Naustdal har fått mykje skryt av «Aktive Fredsreiser» for fin framferd.

– At ikkje alle legg seg når dei skal, eller er på rett rom til ei kvar tid, det er noko ein må rekne med når over 30 ungdomar er med på tur, legg Eirik til og smiler.

– Vi stod opp i seks-sjutida kvar dag, seier Sander, – vi vart trøtte så det var ok å legge seg når vi skulle.

Turen er godt forankra i læreplanar og det er mange fag ein får bruk for, både på førehand og undervegs, som samfunnsfag, norsk, engelsk og tysk.



Else Osmundnes Kvamsås, Eirik Myklestad Hjørnevik og Evy Kipsgaard var leiurar på turen.

– Ja, og så matematikk, legg Else til, – dei må lære å rekne valuta.

På førehand legg elevane ned mykje arbeid i ein reiseguide, der dei gruppevis finn informasjon om stadane dei sakal vitje. Dette presenterer dei for alle på bussen etter kvart som dei kjem dit.

2. verdskrig

Elevane var innom fleire konsentrasjonsleirar; Auschwitz, Birkenau, Sachsenhau-



Erik Leander Horstad og Sander Russenes Hjørnevik fekk ein opplevelsesrik tur.

sen og kvinneleiren Ravensbrück. Else fortel at det gjer inntrykk å sjå bygningar, personlege eigendelar og høyre historiene til nokre av fangane.

– Alt var så stort seier, Sander, – så mykje større enn eg hadde trudd. I Auschwitz var det ei kjempestor bok, Sander slår ut med armane for å vise. – Der stod alle som var drepne. Det gjorde inntrykk. Erik Leander nikkar samtykande.

Også landsbyen Lidice i Tsjekia gjorde eit sterkt inntrykk fortel Else. Landsbyen vart utsletta i 1942, alle vaksne menn vart drepne, kvinner og barn vart sendt i konsentrasjonsleir. Lidice vart gjenreist etter krigen og det står i dag eit barnemonument til minne om det som har hendt. I Berlin var dei og innom Stasi-fengselet, eit fengsel for politiske fangar i Aust-Tyskland.

Ungdomane er gode på å reflektere over det dei har sett og opplevd, og dei veks mykje på det dei opplever. Else legg vekt på at dette er ein viktig tur, ikkje minst med tanke på all krig, uro og store konflikter som er i verden i dag.

Litt kultur og shopping

Ein tur i Saltgruvane vart det og tid til. Saltgruvane er frå middelalderen og står på Unescos liste over verdens kulturarv.

ow og heim igjen

Dette er ein av dei mest populære attraksjonane i Krakow.

– Det var litt kult i saltgruvene, seier Sander, – vi fekk beskjed om at vi kunne smake på veggane og dei smakte salt. Sander og Erik Leander smiler.

I Krakow fekk dei og eit innblikk i polsk kultur der det eine kvelden var oppvisning i song og dans.

– Og så var det kjekt med shopping, seier Erik. – Vi kjøpte ikkje noko særleg, men vi såg mange ting som ikkje finnes i Norge.

Dugnad

Det er ikkje berre elevane som jobbar og førebur tur på førehand. Turen for elev-ar og lærarar vert finansiert ved innsamla midlar, på den måten har alle elevar råd til å vere med. Heile foreldregruppa, saman med elevane, har ansvar for at det vert samla inn nok pengar. Foreldre som er med må betale turen sjølv.

Både Evy og Eirik sat i styringsgruppa for dugnadsinnsatsen, Evy som leiar. Det var eit omfattande arbeid med å sette opp lister og fordele oppgåver. Det var fleire flaskeinnsamlingar, sal av ulike produkt som dorullar, julekaker, produkt av bambus og kortstokkar. Gruppa arrangerte og ein stor loppemarknad, og dei hadde kafé samstundes med julemesse på kyrkjelydshuset. «Polenkontoen» vaks.

– Men vi vart litt heite ei stund, seier Evy. På vårparten 2025 fekk vi beskjed om ein større prisauke. Men det gjekk bra, vi fekk inn nok pengar.

– Det var kjekt med dugnad og, seier gutane, vi jobba og var saman med venene våre.

Begge gutane er einig om at dette er ein tur som dei aldri vil få oppleve igjen. Sjølv om dei kan reise på mange turar seinare i livet, så er det spesielt å reise saman med klassen og oppleve det dei har opplevd.

Evy og Eirik gir skryt til innbyggjarane i Naustdal. Dei vil takke for all den gode støtta dei har fått med positive kommentarar, elevane som blir tatt godt



10. klassingane frå Naustdal framom Brandenburget Tor i Berlin.



Sterke inntrykk frå Sachsenhausen. Foto: Camilla Snildal.

i mot når dei spør om panteflasker, og folk som kjøper dei ulike produkta som er for sal. Såleis er det bygdefolket som

år etter år sender elevane i Naustdal ut på tur. Utan slik positiv støtte ville det ikkje gått.

Kyrkjetekstilar til oppbygging og inspirasjon

Mange har nok lagt merke til, - og beundra dei vakre kyrkjetekstilane som har pryda Førde kyrkje sidan dei vart ein del av den faste utsmykkinga i 1998.

Tekst og foto: REIDAR EIDE

Ein torsdagskveld i byrjinga av april inviterte Midtre Sunnfjord husflidlag, i samarbeid med Førde sokneråd, til eit sosialt samkome der kunstnaren, Maren Erland frå Førde fortalde om bakgrunn for det store arbeidet og om symbolikken i vevnadene med tittelen «Kyrkjeåret». Verket er sett saman av 53 stykke på om lag 150 cm høgde, der kvar vevnad har motiv frå bibelteksten til den aktuelle søndagen i kyrkjeåret. Biletveven heng langs langveggane i kyrkjeskipet.

Helg og Heim vil kome tilbake til ein nærare presentasjon av Maren Erland og arbeidet hennar med prosjektet i haustnummeret og seinare.



Frivillig i kyrkja?

Det er stadig behov for frivillige i kyrkjalydane til små og litt større oppgåver. Kan du tenkje deg å gje litt av tida di? Kan du vere med å halde kyrkjeskyssen i gong, hjelpe til på Spiren, vere tekstlesar eller vere med i besøkstenesta?

Kontakt kyrkjekontora.

RIKKEN

Langebruv. 26 (v/Domus)
Førde
Tlf. 472 56 398
eller 578 21 340

KUNSTNARMATERIELL
INNRAMMING
BILDE



Sentrale for samfunns- og historieinteresserte og kommande generasjonar!

Samfunn, kultur og busetnad i tidl. Førde kommune. Innholdsrike bøker skrivne av fagpersonar - mange gamle og nye foto!

1. Utviklinga frå 1500 til 2020
2. 44 artiklar om ulike tema
3. Rundreise i heile tidl. kommune

Kr 330,- pr. bok, kr 990,- for eitt sett. Kjøp direkte frå

Førde historielag

Tlf. 481 67 076
karen.hornnes@enivest.net
- eller kjøp dei i bokhandelen!



Velkomen til oss!

Elvevegen 1, Førde
(ved Kunstmuseet)

Alle dagar
utanom torsdag 11-15
Torsdag 11-17

Tlf. 404 33 220

MILJØ MØTEPlass MISJON

ALTI ● SPORTSKLEDE
● SPORTSUTSTYR
● BARNEUTSTYR

Erdal Sport

INTERSPORT
Førde

Kom som du er!

Vi har eit stort og breidt treningstilbod til godt vaksne og seniorar! Du får gratis prøveveke. Møt oss i resepsjonen vår, 3. etasje på ALTI. Eller ta kontakt på telefon: **57 82 31 32**. Sjå vår nettside: pulsforde.no



PULS FØRDE

- Kom som du er!

*Gravminne
finn du hos oss*



FAGMILJØ

Firdavegen 20, 6800 Førde, tlf. 57 72 10 60



WIKING Mini 2
Vi leverer og monterer

ATLE **an**
NAUSTDAL

Naustdalsvegen 5, Førde
Tlf. 57 82 13 76

VARMEFAG



Naustdal
Dampbakeri

KVALITET
GJENNOM
GENERASJONAR

57 72 41 40
dampbakeriet.no

Reiakvam

- Din fotograf i Førde sidan 1946

57 82 19 77 / foto@reiakvam.no
reiakvam.no

Gode tilbud på flis, beleggings-
stein, ferdigplen, støttemur, kvit
singel. Vi kan flislegging!

Boligkompaniet

www.boligkompaniet.com
tlf. 906 19 654



Finn din nye bustad hos oss!

Moderne og lettstelte leilegheiter.
Kom gjerne innom oss for ein prat, Halbrend søyra 2 i Førde.
www.gravdal.no - tlf. 47 87 40 00



Gravdalgruppa



FØRDE
GJESTEHUS
OG CAMPING

www.fordecamping.com 468 06 000 • Kronborgvegen 44



MALER RUNE
SKILBREI
MALING · TAPET · GOLVBELEGG · FLISER

Følg oss!

fb.me/malerskilbrei
skilbreibutikken

Skal du bygge heilt nytt, eller fornye litt?
Vi har utvalet! **Velkommen innom Skilbreibutikken i Naustdal!**



NORDISK KJØKKENDESIGN

JKE
NORDIC KITCHEN DESIGN

Hafstadv. 34 (Bergegården)
6800 Førde - tlf. 913 11 837
ms@jke-forde.no

FARSUND FLIS
flis for alle

Kvalitet - Kompetanse -
God service

Nytt, stort lokale
på Sanderplassen 10 i Førde.

Kom gjerne innom og
sjå vårt store utval.



NORDIC ATMOSPHERE

Drømmer du om et NYTT KJØKKEN?

Hos HTH i Førde vet vi at kjøkkenet
er husets hjerte, hvor familie og
venner samles til god mat og
hyggestunder. Den gode maten og
det hyggelige selskapet står du for,
mens vi hjelper med å designe det.



HTH Sunnfjord Kjøkkenforum AS
Naustdalsvegen 5
6800 Førde, tlf. 57 82 66 10
e-post: info@forde.hth.no



Fra inspirasjon til installasjon
– vi hjelper deg hele veien!

ILDSTEDET

er en faghandel med
lang erfaring innen varme.
Vi gir deg profesjonell
veiledning om valg av peis-
ovn, riktig plassering og pipe.

Naustdalsv. 5, 6800 Førde
Tlf. 966 10 100
post@ildstedet-sunnfjord.no




EXTRA

NAUSTDAL

arnes
frisørhjørne

Timebestilling
Drop-in

Tlf. 57 82 62 35
Langebruvegen 19
6800 Førde



Trusopplæring

For meir informasjon sjå www.kyrkja.no/sunnfjord, eller last ned appene **MinMenighetsportal** og **I kirken**. Følg og med på facebooksidene til Førde kyrkje og Naustdal kyrkje. Aktivitetane og tiltaka våre er opne for alle, ein treng ikkje vere medlem av Den norske kyrkje for å delta.

STØRST AV ALT

Trusopplæring i Førde sokn:

0 – 1 år:

Spiren/Babysong

Kvar onsdag kl. 11.00 i 2. etg. på Førde Kyrkjetun. For barn 0 - 1 år, men eldre barn kan også delta. Ta med matpakke! Vi serverer te/kaffi. Oppstart etter ferien er **26. august**.

1 – 3 år:

Krøllesamling

Onsdagar kl. 17.30

på Førde Kyrkjetun er det song, formidling og litt leik i etterkant. Oppstart **26. august**.



4-år:

Barnegudsteneste og bok

Søndag 13. september. Barna som fyller 4-år på hausthalvåret får invitasjon. Etter gudstenesta er det ei kort samling. Påmelding på <https://minkirkeside.no/Sunnfjord>

10 – 12 år:

Ope hus

Barna som går i 5.-7. klasse er invitert til klubbkveld kl. 18.00 – 19.30 annan kvar fredag. Det blir leik, konkurransar, litt mat og spel. Oppstart **21. august**.



Frå Vakuumdagane 2024.

7-10 år:

Vakuumdagar

Frå tysdag 11. august har vi fire aktivitetsdagar på Førde barneskule. Barna har aktivitetar og program heile dagen. Påmelding på <https://minkirkeside.no/Sunnfjord>

Fredag avsluttar vi i kyrkja kl. 15.00, og barna med familie er også invitert til å delta på gudsteneste 16. august.

Korskulen i kyrkje

har kortilbod for born frå ca. 3 år og oppover. Semesterstart **tysdag 18. august**.

Det er kjekt å synge i kor! Ein får nye venner, lærer mange songar, får synge konsertar og reise på tur.

Ta kontakt med dirigent Gro Gunnarson gg554@kyrkja.no.

Trusopplæring i Naustdal og Vevring sokn:

Babysong

Annankvar onsdag kl. 11.30 til 12.30 på Naustdal kyrkjelydshus. Oppstart **26. august**.

Naustdal barnekor

Kvar onsdag frå 13.00-13.50 på Kyrkjelydshuset/kyrkja. Frå hausten vil vi invitere til ei aspirantgruppe for 1.-2 klasse med oppstart **26. august**. Vi vil og ha ei korggruppe frå 3. klasse og oppover, oppstart **2. september**. Desse vil ha øving annakvar onsdag. Ved Silje Sørebo og Erlend Os.

Skaparverkets dag i Vevring

Trusopplæringssamling i Vevring vil vere i samband med gudsteneste på skaparverkets dag 14. juni. Invitasjonar kjem i posten.

4 års-samling og bok

Samling for 4 åringar **måndag 7. september 17.30-18.30** på Naustdal kyrkjelydshus. 13. september vil dei få utdelt 4 års boka «Fest på slottet» i gudstenesta.

KONFIRMAN* 2027

Konfirmantåret 2026/2027

Ynskjer du, eller kjenner du nokon som ynskjer å vere konfirmant i kyrkja 2027? Du er hjarteleg velkomen!

Meir informasjon om konfirmantåret og påmelding finn du på heimesida vår:

www.kyrkja.no/sunnfjord

TRENG DU NOKON Å SNAKKE MED?

Ring eller skriv: Vi er her. Alltid. kirkens-sos.no

DET SKJER

10-kaffi på Førde kyrkjetun

Kvar onsdag frå kl. 10.00 kan du kjøpe deg kaffi og vaflar i ungdomslokalet på Førde kyrkjetun.

Førde kyrkjekor

Øving i Førde kyrkje onsdagar kl. 19.00. Vil du vere med? Kontakt dirigent Gro Gunnarson.

Semesterstart: Onsdag 19. august kl. 19.00

Naustdal kyrkjekor

Øving i Naustdal kyrkje onsdagar kl. 17.45. Vil du vere med? Kontakt dirigent Erlend Os.

Kyrkja i byen

Til hausten er vi kvar onsdag frå kl. 13.30 – 15.30 på «Storebrua» mellom handelshusa i Førde, klar til ein prat. Velkomen!

Strikketreff

Bli med å strikke tepper for «Ull og omtanke – Sunnfjord». Ta med matpakke, så et vi lunsj i lag.

Annankvar måndag kl. 11.00 – 14.00 på Førde kyrkjetun.

Datoar i haust: 17. og 31. august, 14. og 28. september.

Tidebøn i Naustdal kyrkje

Velkomen til ei stille stund med lyttening, salmesong og veksellesing. Tidspunkt finn du i gudstenestelista.

Kraft:

Vi fortset med leiartrening med Followme, gospelkor på måndagar, ungdomsklubben Ignite, påfyllsgudstener på kveldstid og bibelgruppe. Det blir middag for unge vaksne onsdagar på Førde Kyrkjetun. Datoar kjem. Følg med på Instagram kraft.ung!

Kontakt Johanne Thingnes Leira på sms, 45 88 65 47.

Vi syng ilag

Naustdal kyrkje torsdag 4. juni 11.00. Vi syng glade vårsongar og fine, kjende salmar. Førde Seniorkor kjem, for tredje gong! Etter song-stund er det kaffi, kaker og hyggjeleg treff på kyrkjelydshuset. Bebuarar på omsorgssententeret er særleg invitert.

Kjenner du nokon som sit aleine, som har lyst å kome til kyrkja? Ta med deg ein ven!

Kyrkja, Pensjonistlag og Frivilligsentral i godt samarbeid.



Konfirmantane Frida Sandvik Farsund og Maiken Bruland Heimreid var bøsseberarar i Førde. Dei møtte mange hyggelege gjevarar som ville støtte Fasteaksjonen til Kirkens Nødhjelp. Foto: Hanne Schmitler

Fasteaksjonen 2026

Den årlege fasteaksjonen til Kirkens Nødhjelp gjekk i år over 3 dagar, frå søndag til tysdag 22. mars. Formålet med aksjonen var i år som i fjor, å skaffe reint vatn for dei som ikkje har tilgang til det.

Til saman var det det samla inn i underkant av kr. 160 000 i Naustdal, Førde, Holsen og Haukedalen. Takk til konfirmantane som var bøsseberarar, til sjåførar, bollebakarar og alle gjevarar!

Resultat frå nettsida:

Førde	kr. 109 775,-
HH	kr. 6.478,-
Naustdal	kr. 42.028,-

KONSERTAR

HAUKEDALEN KYRKJE:

Onsdag 3. juni kl. 19.00:

«Song mot sommar»

med Førde kyrkjekor, Ingvald Andersen Frøyen, Gro Gunnarson m.fl.

FØRDE KYRKJE:

Tysdag 7. juli kl. 19.00:

Konsert med Ely domkor

(Ely cathedral choir) frå England. Ely Cathedral Choir skal på turné og kjem til Førde med eit gutekor med unge og eldre gutar. Dei skal og ha konsert i Selje kyrkje laurdag 4. juli, i samband med Seljumannamesse. Konserten er gratis, men det vert høve til å gi kollekt.



Gutane frå Ely domkor kjem til Førde tysdag 7. juli.

GUDSTENESTER

Det kan komme endringar. Følg med i Firda «Det skjer», www.kyrkja.no/sunnfjord, eller kontakt kyrkjekontora. **Velkommen til kyrkje!**

ONSDAG 27. MAI

Naustdal kyrkje 11.00 Tidebøn

SØNDAG 31. MAI

Førde kyrkje 11.00 Gudsteneste

TORSdag 4. JUNI

Naustdal kyrkje 11.00 Vi syng ilag. Førde Sen-
iorkor deltek. Kyrkjekaffi
på Kyrkjelydshuset.

SØNDAG 7. JUNI

Førde sentrum 12.00 Bygudsteneste
Naustdal/Instedalen
12.00 Friluftsgudsteneste

ONSDAG 10. JUNI

Naustdal kyrkje 11.00 Tidebøn

SØNDAG 14. JUNI

Førde kyrkje 11.00 Gudsteneste
Vevring kyrkje 11.00 Familiegudsteneste på
Skaparverkets dag.
Rørvikfjellet 11.00 Friluftsgudsteneste for
Holsen, Haukedalen og
Viksdalen.

SØNDAG 21. JUNI

Førde kyrkje 11.00 Gudsteneste
Naustdal kyrkje 11.00 Gudsteneste

ONSDAG 24. JUNI

Haukedalen kyrkje 19.00 Jonsokdag

SØNDAG 28. JUNI

Førde kyrkje 11.00 Gudsteneste

SØNDAG 5. JULI

Førde kyrkje 11.00 Fellesgudsteneste med
deltaking frå Førdefesti-
valen.

SØNDAG 12. JULI

Naustdal kyrkje 11.00 Fellesgudsteneste for
Naustdal og Førde.

SØNDAG 19. JULI

Førde kyrkje 11.00 Gudsteneste
Vevring kyrkje 11.00 Gudsteneste
Haukedalen kyrkje 12.00 Stølsmesse på
Olastølen.

SØNDAG 26. JULI

Movika 11.00 **OLSOK**
Felles friluftsgudste-
neste på Sunnfjord
Museum.

SØNDAG 2. AUGUST

Naustdal kyrkje 11.00 Gudsteneste
Førde kyrkje 19.00 Gudsteneste

SØNDAG 9. AUGUST

Førde kyrkje 11.00 Gudsteneste
Holsen 12.00 Stølsmesse i Norrdalen.

TORSdag 13. AUGUST

Vevring kyrkje 20.30 Kveldsgudsteneste
i høve Distriktsmøte
for Noregs Kristelege
Folkehøgskulelag.

KYRKJESKYSS FØRDE KYRKJE

For informasjon kontakt kyrkjekontoret
måndag-fredag tlf. 57 82 81 80,
eller diakon Anita Øvreås Rusken
tlf. 900 68 514.

SØNDAG 16. AUGUST

Førde kyrkje 11.00 Familiegudsteneste.
Oppstart på haust-
semesteret med utvida
kyrkjekaffi
Naustdal kyrkje 11.00 Gudsteneste

SØNDAG 23. AUGUST

Vevring kyrkje 11.00 Gudsteneste
Førde kyrkje 11.00 Gudsteneste
Haukedalen kyrkje 15.00 Gudsteneste med
konfirmantpresentasjon.

SØNDAG 30. AUGUST

Førde kyrkje 11.00 Gudsteneste med
konfirmantpresentasjon.
Førde kyrkje 13.00 Gudsteneste med
konfirmantpresentasjon.
Naustdal kyrkje 15.00 Gudsteneste med
konfirmantpresentasjon.

LAURDAG 5. SEPTEMBER

Førde kyrkje 11.00 Dåpsgudsteneste

SØNDAG 6. SEPTEMBER

Førde kyrkje 11.00 Gudsteneste
Holsen kyrkje 15.00 Gudsteneste med
konfirmantpresentasjon.
Førde kyrkjetun 19.00 Påfyllgudsteneste

SØNDAG 13. SEPTEMBER

Førde kyrkje 11.00 Familiegudsteneste
Naustdal kyrkje 11.00 Familiegudsteneste med
utdeling av 4-årsbok.

Stølsmesser og utegudstenester i sommar

Søndag 7. juni kl. 12.00:
Bygudsteneste i Førde
Vi feirar Skaparverkets dag
i uterommet ved Rådhuset
i Førde. Kyrkjekaffi ved
Diakoni- og miljøutvalet.

Søndag 7. juni kl. 12.00:
**Friluftsgudsteneste ved
Svobrua friluftsområde
i Instedalen i Naustdal**
Naustedalen spelemannslag
deltek.

Søndag 14. juni kl 11.00
Skaparverkets dag.
I Vevring ved bålhytta ovan-
for kyrkja, (inne i kyrkja om
veret er dårleg)

Søndag 19. juli kl. 12.00:
**Stølsmesse på
Frøyslandstølen
(Olastølen) i Haukedalen**
Det står skilt ved skogsvegen
som tek av frå hovudvegen
i underkant av 100 m etter
Firdagarasjen på Gjerland. Det
er ca. 2 km å gå på god veg fram
til stølen. Kontaktperson Bodil
Frøysland (tlf. 926 03 990).



GRAVFERDER

FØRDE KYRKJE

20.03	Jarl Ove Kjelsnes	f.1959
31.03	Jorunn Annaniassen	f.1953
09.04	Jon Rolf Berge	f.1939
16.04	Ståle Sørbotten	f.1935
17.04	Turid Farsund	f.1932
28.04	Knut Arne Nistad	f.1953
30.04	Signe Huseklepp	f.1929
30.04	Lillian Aasheim	f.1962
07.05	Jorunn Sørefjord	f.1953
07.05	Berent Johan Solaas	f.1938
08.05	Leif Peder Grønli	f.1945

FØRDE OMSORGSSENTER

21.04	Solrun Molnes	f.1939
-------	---------------	--------

NAUSTDAL KYRKJE

24.02	Jon Henry Solvik	f.1943
03.03	Aud Erna Eimhjellen	f.1939
27.03	Magni Ingrid Vatne	f.1934
16.04	Ingebjørg Nyheim	f.1939
17.04	Asta Turid Hestenes	f.1940
24.04	Kjell Arne Tveita	f.1939
30.04	Astrid Berntsen	f.1946

VEVRING KYRKJE

20.02	Gerd Anne Lise Thingnes	f.1941
20.02	Astrid Russenes	f.1952
28.04	Josefine Anbjørg Thingnæs	f.1937

DØYPTE

FØRDE KYRKJE

22. FEBRUAR
Olivia Aamot
Ella Sætre Knutsen
Olivia Grotle Humlestøl
Døyp i Florø kyrkje

8. MARS

Viljar Hyllestad-Rysjedal
Lilli Nyland Kriken

15. MARS

Noa Hårklau Kanishi
Kaysa Hårklau Kanishi
Oda Sofie Hatlemark Midttun
Ronja Marie Husebø Leknes
Louise Laache Movinkel
Oliver Sandal Rekkedal
Ellen Gjengstø Hustveit
Døyp i Stedje kyrkje

5. APRIL

Isabella Angel Fonn
Olav Hildre Eide
Sigve Mølmesdal Rotnes
Nora Strandos Hafstad
Thea Tavares Helle
Brage Solheim Mandelid
Thea Tavares Helle

6. APRIL

Eirik Skrede Elvebakk
Døyp i Innvik kyrkje

12. APRIL

Kiana Solo
Døyp i Nedre Eiker kyrkje

19. APRIL

Henry Ness Hetle
Lucy-Sofie Grytvik
Annika Vie Avedal

NAUSTDAL KYRKJE

15. MARS

Ida Andreassen Espeland

29. MARS

Maja Solilak Ringstad

5. APRIL

Astrid Bruland Hovlid

Vi tar berre med namn på døypte og vigde når det er gitt samtykke til publisering.


Søndag 9. august kl. 12.00: Stølsmesse på Norddalen på Holsen

Det er bomveg til Norddalen ca. 2 km aust for Holsen kyrkje. Ta opp på grusvegen som går til venstre. Kontaktperson Gunn Heimstøl (tlf. 913 40 610).

Ta med niste, drikke og evt. sitjeunderlag og bli med på stølsmesse!



Ta turen til vakre Norddalen i Holsen, der blir det stølsmesse 9. august!



Returadresse: Førde kyrkjekontor, Kyrkjevegen 23F, 6809 FØRDE



Kinnaspelet

20. og 21. juni
Songen ved det store djup

TEATER, TUR OG AKTIVITETAR FOR FAMILIAR

Sjå www.kinnaspelet.no for meir info og billetter

TEATER VESTLAND KINNA SPELET



Førde kyrkjetun



har lokale som høver dei fleste arrangement:

- Selskap, konfirmasjon, barnedåp og bryllaup
- Barneselskap og årsmålsdagar
- Minnesamvær
- Årsmøte, kurs/konferansar osv.

Ta kontakt for bestilling eller tilbod:

Tlf. 99 15 13 07 eller ann.berit.steiro@sunnfjordkyrkja.no



Lokale til leige på Naustdal kyrkjelydshus

Har du ein dag som skal feirast? Fyller du rundt år, eller er det barnedåp eller konfirmasjon i familien?

Kyrkjelydshuset i Naustdal har fleire lokale til leige.

Vi leiger også ut til ulike organisasjonar, m.a. til årsmøte.

Kontakttelefon 99 27 99 55.

E-post: kyrkjelydshusetnaustdal@gmail.com